



Årsmelding 2010

Styret

Styret har i 2010 vore samansett av Rasmus Flore (leiar), Jarle Tvinnereim (nestleiar), Tore Saur (kasserar), Andreas Solvik (innkjøpssjef) og Per Øen (skrivar). Vi har siste året hatt 8 styremøter og handsama 22 saker. Medlemstalet pr dags dato er 112 medlemmar.

Anlegg

Det vart mykje dugnadsarbeid med vedlikehald og installering av nytt datautstyr før vi fekk alt i drift, dette som følgje av lynnedslaget vi hadde i fjor. Jon Kjøs tok arbeidet med å kle inne ein del av paviljongen. Vi fekk og ei overrasking då vi oppdaga at plenraktoren var stolen i løpet av vinteren. Vi fekk heldigvis dekkja dette på forsikringa, men eigenandelen var på kr. 6000,-. Vi har no kjøpt ny plenraktor.

Arrangement/aktivitet

2010 har vore eit år med stor aktivitet på bana. Eg kan nemne bingo, jegercup, skytingens dag, vårstemne, olsokstemne, samlagsstemne og jegerprøver. Samlagsstemnet var i samarbeid med Hornindal skyttarlag, og også Olsokstemnet hadde vorte problem å arrangere utan god hjelp frå Hornindal skyttarlag.

Miniatyrskyting

Ivar Fivelstad vann miniatyrstemnet som Markane arrangerte i Hornindal. 110 skyttarar deltok på stemnet.

Jarle Tvinnereim vart lagsmeister på 15m bana i Hornindal med 241 poeng føre Andreas Solvik med 240 poeng.

Jegercup

Jegercupen samla i år 24 deltakarar. Klassevinnar på årets jegercup vart. Klasse A: Bjørn Solvik. Klasse B: Per Myrhaug. Open klasse: Svein Otto Espe.

Skytingens dag

Vart arrangert i samarbeid med Hornindal skyttarlag. I år skulle det vere fokus på rekruttering. Sjølv om leiaren hadde telefonrunde til aktuelle deltakarar, var det ingen frå Markane som møtte.

Olsokstemne

Olsokskytinga vart i år vunne av Bjarne Muri med 391 poeng på 40 skot. Han vann også den spesielle Olsokskytinga med 148 poeng. Hyen tok ny siger i lagskytinga om Olsokpokalen. Etter resultatlista kan eg ikkje sjå at nokon frå Markane er på topp i sin klasse. Unnataket er formannen i klasse 1, som vann Olsokskytinga i sin klasse med 147 poeng, og vart nummer to på meisterskapet med 387 poeng.

Landsdelkrinsstemne på bane og feltskyting vart arrangert i Sogndal og Hafslo. Tore Saur, Jarle Tvinnereim og Rasmus Flore deltok frå Markane. Tore vart nr. 2 i klasse 2, Rasmus vart nr. 3 i klasse 1. Rasmus vann feltskytinga i klasse 1 med 28 treff, etter god hjelp frå Jarle og Leif Reksten.

Nordfjordcupen

I nordfjordcupen blei det to gongar bronse i seniorcupen og klassecupen. Dei som var med på dei to laga i Nordfjordcupen var Svein Sindre, Knut Bøe og Rasmus Flore på klasselaget. På seniorlaget skaut Tore Saur, Gunnar Øen, Andreas Solvik og Jarle Tvinnereim.

Samlagsstemne

Ole Arild Aa vart samlagsmeister. Markane vann klassepokalen på 25 skot under samlagsstemnet. Dei som skaut på laget var Tore, Jarle og Rasmus. Det er andre året på rad at vi tek sigeren om klassepokalen. Markane fekk i tillegg to klassesigrar. Tore Saur i klasse 2 og Rasmus Flore i klasse 1. Jarle Tvinnereim blei nr 4 i klasse 3-5. Stemnet blei arrangert i samarbeid med Hornindal skyttarlag. 105 skyttarar deltok på stemnet. Det vart også skote både stang (vinnar: Runar Haugland, Haugen, 23 treff) og stupar (vinnar: Øystein Tytingvåg, Rand, 10,31 sek) på samlagsstemnet.

Martin Lødemel sette ny pers på samlagsstemnet. Han vart og heradsmeister i sin klasse.

Av andre resultat kan nemnast: Jarle Tvinnereim vart lagsmeister på bane, Gunnar Øen nr. 2. Andreas Solvik vart nr. 3 på Toyotacup. Kan og nemne at Jarle vart gjenvalgt som visepresident i DFS, og var med i kampen om presidentvervet.

Sosialt

I år har bana vore utleigt til mange arrangement. Både barnehagar, skular og private har leigt uteområdet til avslutningar og blåturar. Alle skryter av kor fint område vi har her på skytebana, spesielt paviljongen gjer at ein ikkje er heilt avhengige av vêret. Også i år arrangerte vi funksjonærfest med grilling og levande musikk. Ca 25 stk møtte fram til ein triveleg kveld.

Markane 23. oktober 2010

Rasmus Flore

-leiar-